



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 14.12.2018  
Vår ref.: 2018/11263  
Arkivnr.: 421.3

Bokn kommune  
Boknatun  
5561 Bokn

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## **Innspel til planprogram for rullering kommuneplanen sin samfunnsdel 2018 - 2030, Bokn kommune**

Vi viser til planprogram sendt på høyring med brev datert 31.10.2018.

Kommunen har laga eit grundig og systematisk planprogram som gjer godt greie for rammer og føresetnader for kommuneplanarbeidet. Fylkesmannen har innspel til enkelte tema.

### **Medverknad**

Planprogrammet gir ein god oversikt over medverknadsarbeidet som skal gjerast i dei ulike fasane i kommuneplanprosessen, med kven som skal involverast og kva nivå deltakinga skjer på (medverknadstrappa). Vi registrerer at aktivitetane hovudsakeleg rettar seg mot politikarar og administrasjon. Vi vil oppmode kommunen til også ta med bebuarar, næringsliv, lag og organisasjonar på råd i prosessen utover å berre gi informasjon.

### **Kommunestruktur, befolkningsutvikling og tenestetilbod**

Kommunen har dei siste fire åra hatt ei klar negativ folketalsutvikling, og prognosar viser at denne utviklinga truleg vil fortsette; talet på skuleelevar vil gå ned og talet på eldre vil gå opp. I planprogrammet heiter det at kommunen må gjere ei vurdering av kva konsekvensar endring i folketalet vil få for det kommunale tenestetilbodet, økonomi, visjon og målsettingar. Me rår kommunen til å ha enda sterkare fokus i det vidare planarbeidet på årsaker og konsekvensar den negative befolkningsutviklinga vil ha for kommunesamfunnet enn det planprogrammet no legg opp til.

Som vi peikte på i tilrådinga vår til Kommunal- og moderniseringsdepartementet i samband med kommunereforma, har Bokn utfordringar når det gjeld kvalitet på tenestetilbod og kompetanse på viktige fagfelt. Dette kan i aukande grad kan gjere seg gjeldande i framtida. Vidare stilte vi spørsmål ved om det er ei framtidretta løysing å legge opp til kjøp av tenester frå Karmøy i det omfanget kommunen no legg opp til.

Kommuneplanen må svare på desse utfordringane, og planprogrammet og den vidare planprosessen bør ha kommunestruktur som eit eige konkret tema.

## **Folkehelse**

Det er positivt at det så klart går fram av planprogrammet at oversiktsdokumentet frå 2016 skal leggest til grunn i det vidare planarbeidet.

I oversiktsdokumentet er det vist til at dagens E39 påverkar helse negativt for deler av befolkninga. Det er identifisert søvnavanskar, støy-, støv- og luktplager. Vidare at enkelte strekningar ikkje er tilpassa myke trafikantar sine behov. Trase for ny E39 er ikkje klar, og dei ulike alternativa vil ha ulik verknad på kommunesamfunnet. Kommunen bør utgreie nærmare eventuelle negative helsemessige konsekvensar E39 har i dag for befolkninga og sjå eit framtidig traseval i lys av det. Det bør også vurderast kor vidt tiltak kan settast i verk i dag for å redusere helseplagene hos dei som er råka.

## **Skule og barnehage**

Skule og barnehage er eit av temaområda i planprogrammet. Her blir skulebygg, barnetal og tilsette sin kompetanse omtalt. Kommunen er bekymra for kvaliteten i tenesta grunna lite fagmiljø på skulen og i barnehagen, og ser behov for å styrke kompetansen i kommuneleddet. Bokn vil vurdere eit formelt samarbeid med nabokommunane om dette.

Fylkesmannen deler denne bekymringa, også på bakgrunn av læringsresultat og læringsmiljø på skulen. Ein del oppgåver i skulesektoren blir allereie utført av Karmøy kommune, men Fylkesmannen vil peike på at det alltid vil vere Bokn kommune som er ansvarleg for skule- og barnehagetilbodet for innbygarane i Bokn. Kommuneplanen bør derfor innehalde mål, utfordringar, strategiar og tiltak for barnehage- og skulesektoren, i tillegg til tiltak for å hindre fråfall i vidaregåande skule.

## **Landbruk**

Det blir skildra at tal arbeidstakarar innanfor landbruket har hatt ein markand nedgang. Noko av bakgrunnen for dette kan skuldast strukturendringane i landbruket mot større bruk. Når det blir færre og større bruk er det likevel viktig å halde kompetansen og driftsmiljøa oppe. I tillegg til matproduksjon, har landbruksnæringa og ein viktig rolle som tilbydar og forbrukar av tenester, landskapspleie og grunnlag for landbrukstilknytt næringer. Det ligg eit stort potensiale knytt til turisme og lokalmat i landbruket, som totalt sett kan styrke næringsverksemda i kommunen. Vi vil utfordre kommunen i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel å sjå på moglegheitene som ligg i landbruket knytt til nye næringer og turisme. Om ønskjeleg kan Fylkesmannen gjerne bidra i dialog om utvikling av landbruksverksemda og landbrukstilknytt verksemdar.

Vi legg til grunn at kommunen legger stor vekt på omsynet til landbruket og jordvern ved vurdering av kjerneområde landbruk, jamfør revidert nasjonalt jordvernmål og brev av 01.10.2018 frå Landbruks- og matdepartementet om nasjonale og vesentleg regionale interesser innanfor jordvern.

Kommunen har sett som målsetjing å ta vare på fulldyrka jord. Denne målsetjinga bør skrivast om til å gjelde alt jordbruksareal. Bokn er ein beitekommune der innmarksbeitet utgjer ein viktig ressurs.

## **Naturmiljø og friluftsliv**

Naturverdiane har ikkje fått særskilt omtale i planprogrammet. Bogn kommune har lang kystline, fleire naturreservat, rike naturtypar og ikkje minst store kystlyngheiområde av nasjonal verdi. Vidare har kommunen fleire regionalt viktige friluftsområde. Kommunen bør nytte samfunnsdelen til å knytte strategiar og handlingar til korleis desse områda best mogleg kan både brukast og takast vare på.

## **Bustadbygging**

Kommunen er tydeleg på at dei ønskjer å oppretthalde busetting i bygdene og at det skal vere mogleg å bygja bustader i heile kommunen. Samstundes er det ønskjeleg å ivareta landbruksomsyn og fulldyrka jord. Reint planmessig skal landbruk-, natur og friluftssynet vektleggast i LNF-områda, mens bustadbygging fortrinnsvis skal løysast gjennom plan og ikkje dispensasjon.

Vi har forståing for at kommunen ønskjer å oppretthalde busetting i heile kommunen, men vil gi tydeleg signal om at dette som hovudregel må løysast gjennom avklaring i plan (kommuneplan). På denne måten kan kommunen i større grad styre utbygginga slik at ein faktisk oppnår ein busetnad i heile kommunen med levande bygder som og tek omsyn til landbruk, jordvern, strandsone og landskap. Vi er derfor også skeptisk til utarbeiding av retningslinjer for dispensasjon. § 19-2 i plan- og bygningslova gir rammer for når dispensasjon kan gis. Dersom omsynet bak føremålet eller føresegna det skal dispenserast i frå, blir vesentleg sett til side, er det ikkje rom for å gi dispensasjon. Kommunen kan ikkje lage retningslinjer som bryt med dette.

For dei avklara områda for bustadbygging som ikkje er regulert eller starta utbygging, bør kommunen vurdere om desse områda bør førast tilbake til LNF-føremål og heller vurdere andre område for bustadbygging.

## **Samfunnstryggleik**

I vår tilsynsrapport av 26. juni 2018 heiter det: «Samfunnsdelen til kommuneplanen heng ikkje i hop med ROS-analysen frå 2015.» Omsynet til samfunnstryggleik skal tas i kommunal planlegging og må sjåast i samheng med kommunen si rolle som beredskapsmyndigheit. Den heilskaplege ROS-analysen frå 2015 skal leggast til grunn for kommuneplanens samfunnsdel. Samfunnsdelen skal kartlegge langsiktige utfordringar knyta til samfunnstryggleik og fastsette mål og strategiar for kommunen sitt arbeid, og handlingsdelen skal vise korleis planen skal følgast opp.

## **Lukke med viktig planarbeid !**

Ta kontakt om de treng meir innspel eller avklaringar på område Fylkesmannen har ansvar for.

Med helsing

May Britt Jensen  
fylkesmiljøvernssjef

Knut Harald Dobbe  
plankoordinator

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Knut Harald Dobbe  
Saksbehandlar telefon: 51568961  
E-post: fmrokhd@fylkesmannen.no

Kopi til:  
Rogaland fylkeskommune Postboks 130 4001 Stavanger